



Sauda og omegn Zontaklubb



Pressemelding

Ingeborgprisen til Anne Marie Brekke

Sauda sin første kvinnelege ordførar, Anne Marie Brekke frå Senterpartiet, er av Sauda og omegn Zontaklubb peika ut som «Årets Kvinne 2007» og blir på kvinnedagen 8. mars tildelt "Ingeborgprisen".

Anne Marie Brekke har gjennom sitt virke på mange ulike område trakka stiar og gjort vegen lettare for dei kvinnene som har følgd etter.

I grunngjevinga for tildeling av prisen heiter det mellom anna at ho gjennom sitt virke som mangeårig leiar av Sauda Bondekvinnelag har vore med og betra bondekvinnna sine kår. Ho har også, gjennom ulike kurs, vore ein pådrivar for å halde laging av tradisjonsmat i hevd. Så som lefser, krotekaker og flatbrød. Ikkje minst får ho prisen for sitt politiske virke gjennom mange år og som den første kvinnelege ordføraren i Sauda.

I bondekvinnelaget kom ho med tidleg på 1970-talet, og i 1973 gjekk ho inn i styret for første gong, då som skrivars. Seinare blei ho studieleiar og starta med iver i mane studieringar. I 1976 blei ho for første gong leiar i laget. Gjennom sitt arbeid lokalt blei ho og engasjert på fylkesplan og blei vald inn i styret for Rogaland Bondekvinnelag.

I politikken kom ho med så tidleg som i 1971, då som varamedlem til Prisnemnda. I 1980 blei ho varamedlem til kommunestyret og blei representant i skulestyret. Frå og med 1984 fekk ho fast plass i kommunestyret og blei varamedlem til formannskapet.

Gjennom sitt politiske virke har ho vore med i eit uttal nemnder og råd. Ho har spesielt vore engasjert i «Stiftelsen Tveit-tunet», der ho var med og tok initiativ til dei populære «Tveit-stemna».

Den politiske karriera blei toppa då ho i 1995 blei Sauda kommune sin ordførar. Etter fire år i ordførarstolen valde Anne Marie Breke å trekke seg frå politikken. Framleis er ho aktiv i bondekvinnelaget og er eit engasjert medlem i Støttegruppa for Fairtrade.